



nr. 4 - hausten 2006

# Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

Under  
gudstenesta  
søndag  
13. september  
i Gjerstad kyrkje  
fikk  
kyrkjelyden ny  
messehakel,  
prekestolklede  
og lesepultklede  
som er utforma  
og brodert av  
broderikunstnar  
Anne  
Landsverk.

Ved.  
Olav Meltvik



# Helsingar

Denne sumaren hev me hatt gleda av at slekt og vener hev vore gjester hjå oss, og det tykkjer me alltid er kjekt. Ofte hev desse hatt med seg helsingar frå andre me kjenner. Dette er og svært gildt, å få høyra at andre tenkjer på oss. Ein augneblink er det som om me ser dei for oss.

Og slike helsingar kan lysa opp ein grå kvardag.

Me hev og sjølve vore på tur og møtt mange som sende helsingar med oss til andre. Dette er og kjekt, å få vera sendebod med helsingar som kan gleda andre.

Kyrkjelydsbladet for Osterøy prestegjeld heiter "Kyrkjehelsing". Dette var det namnet som vart valt etter at lesarane vart bedne om å koma med namneframlegg. Magnus Bjørndal sitt framlegg om å kalla bladet for "Kyrkjehelsing" var eit godt val.

Bladet skal vera ei helsing inn i heimane på Osterøy om m. a. det kyrkjelege arbeidet i dei ulike soknene på Osterøy. Her finn de kva tid der er gudsteneste i kyrkjene og familienytt. Ein kort andakt hev og fast plass i bladet.

Tidlegare i år var eg på sjukebesøk hjå ein god kamerat som var dødssjuk. Med meg hadde eg ein blom. På kortet som eg hadde festa til blomen hadde eg skrive ei helsing til kameraten min.  
Denne helsinga var frå Joh. 3. 16- 18.

*For så elskar Gud verda at han gav son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Gud sende ikkje son sin til verda for at han skulle døma verda, men for at verda skulle verta frelst ved han. Den som trur på han vert ikkje dømd. Den som ikkje trur er alt dømd, fordi han ikkje har trutt på namnet å Guds einborne son.*

Då eg hadde lese denne helsinga for han sa han:" Dette var den beste og finaste helsing eg kunne få."

No sender eg denne helsinga til alle de som les "Kyrkjehelsing".

# Mitt eige perlehjarte

På kontoret mitt på Hatland har eg eit perlehjarte, laga av mi eiga vesle dotter på fire år, til fødselsdagen min, eit stort fargerikt hjarte av perler i alle fargane i regnbogen. Det kunne ikkje vera eit lite hjarte, det måtte vera eit stort hjarte. Ho laga det sjølv i barnehagen og gav seg ikkje før perleforma var full, og ho hadde eit perlehjarte til far sin.

Dette flotte perlehjartet mitt minner meg om at nokon er glad i meg – og at eg har nokon å vera glad i. Slik er eg skapt av Gud, til å elskar – og til å verta elskar. Me er ikkje skapte til å klara oss sjølv, og la dei andre klara seg sjølv. Me er skapte til å leva saman, utfylla kvarandre, ta imot hjelp og gje hjelp, vera gode med kvarandre.

Perlehjartet mitt minnar meg òg om at det ikkje alltid må vera mykje styr for å visa eller gje omsut. Ein invitasjon til ein tur på ein gamal sti kan varma meir enn nye, dyre gåver.

Hjarta minnar meg òg om at Gud elskar meg. Og eg minnest songen me ofte song før, Trygve Bjerkheim sin song frå 1968 om Guds plan: *Gud har ein plan med ditt liv. / Han tenkte så kjærlege tankar. / For han har deg underleg kjær. /* Hans hjarta så varmt for deg bankar. Guds farshjarta bankar for barna sine, ja, så varmt og høgt elskar han verda at *han gav son sin, den einaste, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.* Den vesle Bibel, frå Joh 3,16, som me les når me døyper borna våre, samanfattar Guds kjærleik: Så høgt at sonen kunne døy i vår stad.

Mitt store perlehjarte frå mi vesle dotter. Mitt eige perlehjarte! Mitt vesle hjarte og Guds store hjarte. For: Slik han har elskar oss, skal me elskar kvarandre. Og: Så vert dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken.

Han elskar meg. Han elskar deg. Ver i hans kjærleik.

Lars Arne Vik

vikarprest

## OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset  
Opningstider:  
Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.  
Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.  
(Måndag er fridag for prestar  
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Mail:kyrkje@osteroy.kyrkja.no

### Direkte innval:

Ruth Hauge	56 19 22 73
Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Vikarprest	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve  
Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes  
Priv. tlf. 56 39 06 26  
Organist Liv Skoglund  
Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik  
Nestleiar: Anne Mari Persen  
Jostein T. Reigstad  
Tove Mostrøm Fjelstad  
Frode Johnsen  
Johannes Melve  
Alf R. Kallestein

### Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roald Hauge  
Hosanger: Katja Litland  
Hamre: Tove Klepsvik  
Haus : Madli Hannisdal  
Bruvik: Johannes Melve

### Kyrkjeelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik  
Tlf. 56 39 52 27

Johannes Melve  
Elna Mjelstad  
Øyvind Vevle

# Haus søndagsskule

*"Alle, alle vil vi ha med, vil vi ha med til himlen.*

*Alle, alle vil vi ha med til himlens lyse land.*

*Far og mor, søster og bror, liten og stor.*

*Alle, alle vil vi ha med til himlens lyse land."*

Ja, slik lyder det i Haus kyrkjelydshus når det er søndagsskule. Her samlast born frå ca. 4 år og oppover. Me vil gjerne nytta høvet til å fortelja litt om søndagsskulen vår. Me har søndagsskule 2 søndagar i månaden kl. 11.00 i kyrkjelydshuset, og samlingane vert kunngjort med plakatar rundt om i Haus distrikt. I tillegg til dette, får alle ein halvårsplan med seg heim med datoane på. Det heng også ein halvårsplan utanfor kyrkja på oppslagstavla der.

Så litt om kvifor me har søndagsskule. Det er viktig å ha eit tilbod om bibel-opplæring også for borna som veks opp i Haus. Målet vårt er at borna skal få læra vår tre-einige Gud å kjenna, og få hjelp til å leva som Guds barn i vekst og utvikling.

På søndagsskulen prøver me å tilretteleggja bibelforteljingane slik at borna lettare forstår.

Dette gjer me på fleire måtar:

- Me brukar bilder eller flanellograf flittig når me fortel frå Bibelen, borna hjelper gjerne til.
- Av og til passar teksten slik at me kan leika oss igjennom forteljinga.
- Så brukar me mykje song og musikk, gjerne med rørsler til.
- Det vert ofte tid til ein liten aktivitet som passar til teksten me har høyrt. Det kan vera teikning, spel av ymse slag eller me lagar noko fint.
- Alle får med seg søndagsskulebladet "Barnas" heim. Der er det fine forteljingar, oppgåver, detektivklubb og mykje fint å laga.

Denne hausten tar me i bruk eit nytt opplegg frå Norsk Søndagsskuleforbund, som heiter "Sprell levende." Bodskapen om Jesus vert ikkje formidla berre gjennom ord, men også gjennom det me ser, høyrer, luktar, smakar og føler. Me gler oss til å starta opp att etter sommaren!

Første søndagsskule i haust er 3. september kl. 11.00 i kyrkjelydshuset.

Ellers har me søndagsskule desse søndagane:  
17.sept., 1.okt., 22.okt., 5.nov., 3.des., 10.des.



Me deltar også på familiegudstenesta 19. nov. Då er det bl.a. søndagsskulens dag i kyrkja.

Me vil gjerne ha med oss fleire på søndagsskulen. Her er plass til alle som har lyst til å vera med, og det går fint an å ha med seg ein voksen. Det ser ut som om dei vaksne trivst godt på bakerste benk.

Takk til alle foreldre som trufast tar borna med til søndagsskulen! De gjev borna dykkar eit verdifullt grunnlag for resten av livet.

Hjarteg velkommen til både nye og gamle! Ta gjerne kontakt med ein av oss ledarane dersom du lurer på noko.

### **Helsing**

Helga R. Lone,	Tlf. 56 39 03 67.
Wenche R. Antun,	Tlf. 56 39 32 19.
Olav Torp,	Tlf. 56 39 04 97.
Svanhild A. Zachariassen,	Tlf. 56 39 02 04.

# Vikarpresten

*Ved eit presteskifte vert det ofte ein mellomperiode då det må ein vikarprest inn før den som er nytilsett kan koma på plass. Så då prestefolka Skeie forlet oss i sommar, kom Lars Arne Vik, til Osterøy prestegjeld.*

Han er ein mann med ein allsidig bakgrunn. Sine barneskor trødde han i Vik i Øygarden der han vart fødd inn i ein fiskarfamilie i 1965. Etter embetseksamen ved Det Teologiske Menighetsfakultetet i 1991 var han sjøforsvarsprest i eitt år. Sidan har han vore både lærar ved Bibelskulen Bildøy, forlagsleiar i Sambåndet forlag og kyrkjelydsprest i Øygarden, den siste stillingen i seks år, før han vart sjøforsvarsprest i to og eit halvt år. Me kan og ta med at han i studietida var redaktør i ungdomsmagasinet Ungdom og Tiden i full stilling. Vikarpresten er busett i Øygarden der han har kone og fire born mellom 4 og 15 år.

- Me har hørt at presteyrka er eit av dei umoglege yrka å gjera eit fullgodd arbeid i slik at alle vert nøgde. Kva er det mest krevjande?

- Det er å snakka slik at eg når inn til folk i deira kvardag og deira liv, og tek dei på alvor som det dei er. Det mest krevjande er å nå folk med det dei har bruk for. Elles har me som er prestar ei uregelmessig arbeidstid. Me må gjerne arbeida meir om kveldane enn andre og ta fri på dagtid. Det handlar om prioritering av både oppgåver og tid, og det kan vera krevjande. Eg kan ikkje ta ansvar for alle ballane som til ei kvar tid er i

lufta, seier vikarpresten som har bakgrunnen sin frå bedehuset på Vik i Øygarden og ser verdien av det han har fått med seg der ifrå.



Situasjonen i Den norske kyrkja i dag kan det seiast mykje om. Lars Arne Vik seier det slik: - Ei kyrkje eg kan vera medlem av, kan eg òg vera prest i. Men eg likar ikkje ei kyrkje som ikkje tek Guds ord på alvor. Det er lett å vera prinsippfast inntil du møter dei vanskelege menneskelagnadene. Men på den andre sida kan ein ikkje laga unntak for alle menneskelagnader. Då kan det verta for lite att av sanninga.

- Kyrkja bør skiljast frå staten, meiner Vik. Statskyrkja er ein anakronisme (noko som ikkje passar i vår tid) frå gamle dagar som det ikkje er verdt å ta vare på. Kyrkja må stå så fritt at ho kan velja Guds vilje framfor menneskeviljen. Viss staten til dømes skulle finna på å setja som krav til kyrkja at den skal vigsla tó av same kjønn, kan eg ikkje vera medlem – og prest – i kyrkja lenger.

På fritida er presten med på å driva eit barnekor og er voksenleiar for Kristen Idrettskontakt i Øygarden. Elles er det nok å gjera for ein familiefar med born i den aktive alderen. Og vert det tid, set han seg gjerne ned med ei god bok.

**Øyvind Vevle**

# Salmar frå skattkista

## *Min salme nr. 4-06*

Einbjørg Vikesund vart i siste nr. utfordra av Oddny Kallestein.

Ho skriv : Den salmen eg har valt, lærde me på barneskulen. Etter kvart oppdaga eg kor innhaldsrik han er. Han gjev svar på mitt viktigaste spørsmål : - Kjem også eg inn i himmelen når livet her er slutt ?

Ja, seier Elias Blix. Jesu fullkomne liv og hans soning gjeld for” dei som honom tok i mot og i frå mørkret seg

*Jesus du er den himmelveg  
som til Gud Fader oss leier,  
Frelsa det er å finna deg,  
liv og uvisnande heider.  
Du er all skapnings ljós og liv,  
verdi då enn i mørker sviv,  
vinglante vilt mellom graver.*

*Ljaset det inn i mørkret skin,  
mørkret det ikkje vil fata.  
Gud sende verdi sonen sin,  
verdi då honom må hata.  
Han mellom sine eigne stend,  
er då av sine ikkje kjend,  
gjeng som ein framand i verdi.*

*Men dei som honom tok i mot  
og i frå mørkret seg vende,  
dei som i tru med bøn og bot  
honom som Frelsaren kjende,  
deim gjev han all sin barnerett,  
føder deim etter til Guds ætt,  
etter sitt namn han deim kallar.*

vende, - dei som i tru med bøn og bot – honom som Frelsaren kjende, - dei gjev han all sin barne rett, - føder dei etter til Guds ætt, - etter sitt namn han dei kallar.”

Slik har han kalla meg. – Så får eg leva i dette. – Takk Jesus, og takk for at songaren så fint har formidla di frelse i desse 5 versa.

*Frelsaren til sin Fader for,  
der han oss rom ville reia,  
sende så Anden sin til jord,  
som oss til sanning skal leia.  
Han ved Guds ord i Jesu namn  
viser oss veg til himmelhamn :  
Jesus er vegen og livet.*

*Jesus eg høyra vil til deim  
som etter deg du vil nemna !  
Lat meg ved deg til himmelheim  
dagleg få styra og stemna !  
Utan din arm i miss eg gjeng,  
før du meg høgt på ørneveng,  
til eg i himmelen hamnar !*

Salmen er skriven i 1875 av Elias Blix, til ein melodi av Ludvig M. Lindemann frå 1840. Du finn han i Norsk salmebok på nr. 419, og i Sangboken på nr. 24. Einbjørg utfordrar Tora Vikesund.

# Kyrkjeverja informerer


## Hamre kyrkje

Kyrkjeleg fellesråd og Hamre sokneråd er i gang med nokre tiltak når det gjeld Hamre kyrkje. Vi er i gang med å få utarbeid ein prosjektbeskrivelse/ anbodsdokumenter til stasjonert brannsløkkjingsanlegg for heile kyrkja. Vi har så langt fått lovnad om økonomiske midlar som dekkjer omlag halvparten av kostnadene ved anlegget. Når vi har fått prosjektbeskrivelsen vil vi gå ut med førespurnad/aksjonar for å få på plass det vi treng for å få fullfinansiert brannsløkkjingsanlegget.

Det føreligg også planar når det gjeld utskifting av taksteinane som er i svært dårlig tilstand. Når vi har fått svar frå Riksantikvaren på val av stein, må vi koordinere arbeida med steinskifting og utvendig sløkkjeanlegg slik at ein kan nytta stilas m. m. til begge prosjekta.

## Klokkartenesta i kyrkjene

I løpet av oktober måned er det slutt med fast tilsette klokkarar i kyrkjene. Vi har vore så heldige at 16 friviljuge har sagt seg viljuge til å vera klokkarar eit par gonger kvart halvår. Dei som no stiller opp som klokkarar er vel kjende med gudstenesta og soknearbeidet og vi reknar med at dei klarar oppgåva som klokkar svært godt.



## Kyrkjekontoret.

Haldis Borge Midttun som har vore kontorsekretær i 50% stilling sidan februar 2003 har slutta og fått seg nytt arbeid.

Ruth Hauge har kontorpraksis i 50 % frå og med juli 2006 og ut september 2007 slik det ser ut nett no.

Ho arbeider mandag, tysdag og fredag.

Vi takkar Haldis for svært godt utført arbeid og ynskjer Ruth velkommen.

## **Husk salmekvelden !!**

Arrangementet er eit samarbeid mellom Osterøy mållag og Gjerstad sokneråd. Medverkande blir Osterøy kyrkjecor, dir. Liv Skoglund, kantor Kåre Rivenes og ikkje minst salmediktaren og hymnologen ARVE BRUNVOLL.

**Gjerstad kyrkje søndag 24. september kl 19.00!**

Til alle lag/organisasjonar, eventuelt privatpersonar med tilknyting til Hosanger sokn

# Førespurnad om stønad til oppgradering kapell / bårerom i soknet

Då Hosanger Helselag vart danna for å ta vare på og byggja om Hosangerheimen, var det stor semje om at kapellet og bårerommet skulle bevarast. Dette har vore eit stor sakn for dei som soknar til Hosanger kyrkje, då det ikkje har vore disponibelt sidan Heimen var i drift.

Me ynskjer å investera i nytt kjølesystem, det er meir praktisk og tek betydeleg mindre plass. Revheim gravferdsbyrå, samt sokneprest Brigit Skeie er svært positiv til at me vil ta vare på dette i bygget. Hosangerheimen ligg svært nær kyrkja som me alle soknar til, og difor er det godt å få lov å ta farvel med sine kjære ein slik stad.

Dette kjem heile soknet til gode, og me tek sikte på å få det ferdig så snart som råd.

I samband med dette, treng me ca 90 000,- til oppussing, investering av nytt kjølesystem, samt nytt golvbelegg.

Det er svært mykje som skal utførast på dugnad på Hosangerheimen, til no har me utført om lag 3000 dugnadstimar på eitt år, og det berre på bygg, administrasjon og møteverksemd er arbeidstimar som kjem utanom. Me ynskjer difor sterkt å leiga fagfolk til dette, då vert det også truleg gjennomført raskare.

Med dette ynskjer me å spørja om gåver som kan vere med å hjelpe oss å få ferdigstilt prosjektet. Me tenkjer at det kjem heile soknet til gode, og det blir høve å leige det til dei som ynskjer. Det er også eigen inngang, med nytt bad/ toalett disponibelt.

Med helsing frå

**Hosanger Helselag**

v/ Solveig Hole og Jorunn Alme

## Valestrand, Hauge og Gjerstad indremisjon har også denne hausten fellesmøte i Hauge bedehus

Dato:	Talar:
Onsdag 27. sept	Øystein Rønhovde (bibeltimar)
	Tema: Når Herren vender gråt til glede
Onsdag 11. okt	Arlid Hettlebakke
Onsdag 25.okt	Ingvard Jordal, Normisjon
Onsdag 8.nov	Audun Hjellvik
Onsdag 22.nov	Reidun Skurtveit
Onsdag 06. des	Johannes Melve

Alle er hjarteleg velkomne. Nytt møtetidspunkt kl. 19.00 for alle kveldar. Enkel servering i etterkant av møte.

*Hauge, Gjerstad og Valestrand indremisjon.*

## Bladpengar

Redaksjonen vil takka alle som sende bladpengar og gåver på giroen som låg inni siste nr. av bladet. Det er bladpengar og gåver som er einaste inntektskjelda for "Kyrkjeheising", som vert sendt til alle husstandar i Osterøy. Utlegg til trykking og porto aukar, så me vonar på framleis velvilje hjå ostringane.

Send gjerne inn meldingar og stoff til redaksjonen. Dei det ikkje høvde for å betala no får ein ny sjanse når me legg inn ny giro i julenr.

## Dåp

Det høver med dåp desse sundagane:  
Haus: 22/10 og 19/11  
Hosanger: 22/10 og 3/12  
Hamre: 15/10 og 10/12  
Gjerstad: 24/9 og 3/12.



# ”Sundag for dei forfølgde”

I fjor var det dei koptiske kristne i Egypt sin situasjon som var emne for denne dagen. I år vert merksemda retta mot dei kristne flyktningane frå Irak. Etter krigen i Irak har dei kristne sin situasjon i landet vorte forverra. Me saksar følgjande frå ”Ropet fra øst” : ”Siden invasjonen av Irak for tre år siden har situasjonen for sivilbefolkningen blitt stadig vanskeligere, og særlig for den kristne minoritetten. Kristne blir urettmessig beskyldt for å løpe Vestens ærend, de får ikke arbeid og blir utsatt for trusler og vold. Stadig flere familier selger alt de eier og flykter til nabolandet Syria. Anslag over hvor mange irakere som nå befinner seg her, varierer frå 500 000 til 1 500 000.”

Nasarearkyrkja i Syria gjer eit stort arbeid for

flyktningane og let borna deira få gå på kyrkja sine private skular, men det kostar å hjelpe flyktningar som har reist frå alt dei åtte.”Norsk misjon i øst” har kontaktar i landet og arbeidar for å setja utvalde kyrkjelydar i stand til å hjelpe flyktningar, m.a. med utdeling av matrasjonar, skulegonge for irakiske born og anna nødvendig hjelpe som vert gjeve gjennom kyrkjene.

”Sundag for dei forfølgde” skal i år markerast den 12. november. Det er den internasjonale bønedagen for den lidande og forfølgde kyrkja. ”Norsk misjon i øst” vonar at mange vil støtta dette viktige arbeidet.

Ø.V.

## Tett ved sida mi går Jesus

”Tett ved sida mi går Jesus  
alltid vil han vera der.

Eg treng ikkje gå og ottast  
når eg fylgjer Jesus her.”

Haldis Reigstad hadde det ikkje så enkelt då ho skreiv songen. Ho var litt ottefull. Kva hadde ho i

vente ? Så kom denne songen for ho og ho skreiv ”Tett ved sida mi går Jesus.” Har du bruk for Jesus tett ved sida di ?

Når vanskane kjem og uroa er der, då er det godt å vita at ”Tett ved sida mi går Jesus.” Han veit alt og gjev deg den styrke du treng. Vonar at du og veit kvar du skal gå, både når du har det fint og flott og når uroa kjem. Tett ved sida di går Jesus.

e. m.

## Eldrefest

Gjerstad Sokneråd arrangerer eldrefest på Osterøytynet  
**søndag 8. oktober kl. 13.00.**

Det blir underhaldning av fleire slag.

På grunn av middagsservering må vi ha påmelding på førehand.

Påmelding innan utgangen av mandag 2. oktober til

Ingunn Mæstad , tlf. 56390481  
eller Roger Breivik, tlf. 56392336 / 91382424



# Velkommen til kyrkja

## 17. s. e. pinse, 1. oktober: \*Job 19,25-27;

Hosanger kl. 11.00 Gudsteneste. Vikarprest  
Vik. Nattverd.

## 18. s. e. pinse, 8. oktober: Joh 8,31-36;

Gjerstad kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Eldredagen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## 19. s. e. pinse, 15. oktober: Mark 10,17-27;

Hamre kl. 11.00 Hausttakkefest. Vik. Konfirmantpresentasjon. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl. 17.00 Gudsteneste. Melve. Song av Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Israelsmisjonen.

## 20. s. e. pinse, 22. okt: \*Hebr 11,1-4.7-10;

Haus kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Dåp. Nattverd.. 60+ - dag. Takkoffer til Norsk Lærarakademi (NLA)

Hosanger kl. 11.00 Gudsteneste. Vik. Konfirmantpresentasjon.

## Bots- og bededag, 29. oktober: Luk 13,23-30

Gjerstad kl. 11.00 Bededagsgudsteneste. Vik. Takkoffer til Kirkens SOS.

## Laurdag 4. november :

Gjerstad kl. 17.00 Minnegudsteneste. Melve.

Hosanger kl. 17.00 Minnegudsteneste. Vik.

## Helgemesse, 5. november: \*Hebr 12,1-3;

Hamre kl. 11.00 Gudsteneste. Vik. Takkoffer til Evangeliesenteret.

Haus kl. 11.00 Gudsteneste. Melve. Nattverd. Song av Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Kristen idrettskontakt (KRIK)

## 23. s. e. pinse, 12. november: Matt 18,15-20;

Bruvik kl. 11.00 Høgmesse. Melve. Nattverd. 50-års-konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Hosanger kl. 11.00 Gudsteneste. Vik. Nattverd

## 24. s. e. pinse, 19. november: Mark 12,41-44

Haus kl. 11.00 Familiemesse. Melve. Nattverd. Sundagsskulens dag. Utdeling av 4års bok. Kyrkjekaffi.

## Siste sør. i kyrjkeåret, 26. nov: Matt 25,1-13

Hamre kl. 11.00 Gudsteneste. Vik. Nattverd. Takkoffer til Kristent ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep.

## 1. sundag i advent, 3. desember: Matt 21,1-9

Gjerstad kl. 11.00 Familiegudsteneste. Melve. Sundagsskulens dag. Takkoffer til Osterøy sundags-skulelag.

Hosanger kl. 11.00 Familiegudsteneste. Vik. Utdeling av 4-års-bøker. Osterøy kyrkjekor.

Haus kl. 19.00 Lysmesse. Melve og konfirmantane. Takkoffer til Lovsongsheimen i Bangkok. Kyrkjekaffi /Gløgg.

## 2. sundag i advent, 10. des: \* Matt 24,1-14

Hamre kl. 11.00 Familiegudsteneste. Vik. Utdeling av 4-års-bøker. Takkoffer til KFUK/KFUM.

Gjerstad kl. 19.00 Lysmesse. Vikarprest Vik og konfirmantane. Takkoffer til KFUK/KFUM.

## 3. sundag i advent, 17. des: Matt II, 2-10

Tysse bedehus kl. 11.00 Gudsteneste. Vik.

Bruvik kl. 17.00 Julekonsert og Lysmesse

## Fredag 22. desember:

Gjerstad kl. 19.00 " Vi lovsyng jula inn"

## Julaftan (og 4. sundag i advent!), 24. desember: Luk 2,1-14 Mi 5,1-4a

Bruvik kl. 12.30 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

Gjerstad kl. 14.30 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

Hosanger kl. 14.30 Gudsteneste. Vik. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

Hamre kl. 16.00 Gudsteneste. Vik. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Haus kl. 16.00 Gudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp

## **Kyrkjekyss til Gjerstad**

Namna no :

Roald Hauge tlf.56 39 45 07

Ingunn Mæstad tlf.995 41 245

# Familie-nytt



## BRUVIK

### Døypte:

06.08. Erik Stanley Hogg (Busett i London)

06.08. Tomine Revheim Kleppe

### Vigde:

22. 06. Line Gustad og John George Fitzgerald

## HAUS

### Vigde:

12.08. Anne Gunn Rolfsnes og Kurt Are Vedå

## GJERSTAD

### Døypte:

20.08. Jakob Lillejord (Døypt i Vangskyrkja, Voss)

### Vigde:

24.06. Marianne Kollvangsnes og Kim Solberg

12.08. Lene Ingebrigtsen og Jostein Josteinson Revheim

19.08. Solfrid Myking og Jan Erik Lone

### Gravlagde:

15.06. Kari Myking (f. 1904 )

27.06. Jan Magne Lone (f. 1948)

06.07. Johannes Stusdal (f. 1917) Gravlagd Romarheim gravplass, Ostereidet

28.07. Ingvild Myking (f.1969)

09.08. Edvard Nygård (f. 1926)

## HAMRE

### Døypte:

30.07. Anders Flatås Larsen

20.08. Silje Kristina Haga Rysst

20.08. Silje Valvik Birkeland

### Vigde:

29.07. Marita Hellem Bleikli og Erling André Algrøy

### Gravlagde:

13.07. Olga Abbedissen (f.1916)

03.08. Johannes Bjarne Tvedt (f.1918)

06.08. Laura Helen Hosøy (f.1967)

## HOSANGER

### Døypte:

23.07. Jonas Øvsthus

23.07. Selma Johanne Myking Sunde

### Vigde:

17.06. Maren – Christine Elvik og Kent Inge Tysse

29.07. Dagny Alida Meltvik og Eivind Hovgard Johnson

### Gravlagde:

23.06. Knut Tore Systad (f. 1978)

### Bisette:

19.07. Ingrid Urke (f. 1925)

## **Kyrkjekjess til Haus:**

Maria og Johannes Hundhammer,  
tlf. 56 39 00 33.

Sigrid Mjelde, tlf. 56 39 01 04.

Anne Karin og Einar Rivenes, tlf. 56 39 04 52.

Madli og Olav Hannisdal, tlf. 56 39 43 21.

## **Gudstenesteverkstad**

Før utdelinga av Kyrkjebok til fireåringane , vert det ei samling i Gjerstad laurdag 23. september kl.16.00. i kyrkja

I Haus vert samlinga i kyrkjelydshuset torsdag 16.november kl.17.00. Her vert det servert ein varmrett, så dei som er der, treng ikkje eta middag før dei kjem !

# Kva er familie-messe for noko?

*Nokre vil vel hugsa å ha vore med på familiemesse i ei eller fleire av kyrkjene på Osterøy dei siste åra. Den har vore i bruk her nokre få år, sidan våren 2004, først i alle kyrkjene, men dei siste åra har det vore mest Haus og Gjerstad som har nyttat den, ein gong i halvåret.*

## Nytt om born og nattverd

Det heile starta med kyrkjemøtet i -93, men det handlar også om ein lang prosess om forståinga av born og gudsteneste i vid forstand og om born og nattverd spesielt.

- Korleis la borna vera fullverdige deltakarar i vår gudstenestefeiring?
- Korleis styrkja, ikkje splitta, den kristne familien som trusfelleskap i gudstenesta?
- Korleis ta på alvor at dåpen, vanlegvis barnedåpen, er inngangen til trusfelleskapen i kyrkjelyden?

Dette var dei sentrale spørsmåla kyrkjemøtet blei stilt ovanfor denne gongen. Utgreiinga "Barn og nattverd" låg føre og gjennom handsaminga i møtet gjekk ein no heilt bort frå å knyta borna si deltaking i nattverden til ein bestemt alder. Tankane var ikkje nye, mest siste steget i ei utvikling der aldersgrensa var gradvis seinka gjennom dei siste tiåra.

Kyrkjemøtet - 93 bad så om å få utarbeidet "et forslag til ordning hvor det inngår nattverddel tilpasset barn". Eit arbeid blei same året sett i gang av det som då heitte *Kirkens Gudstjenesteråd (no Nemd for Gudstjenesteliv)*

Utgreiinga 'Barn og Nattverd' gjorde det maktpålgjande å tenkja stort og heilskapleg i arbeidet med gudstenesteordninga og dåpen var utgangspunktet. Dåpen skjer jo vanlegvis tidleg i barnet sitt liv, kanskje kunne ein leggja til; også tidleg i familien sin. Ei djupare forståing av dåpen sin plass i familien vaks her fram. Når ein på dåpens grunn lever eit kristent

familieliv, ja så er det uheldig om nattverden skulle splitta denne familefellesskapen i møte med felleskapen i kyrkjelyden. Denne samanhengen, spennet frå dåp til nattverd, blei viktig i arbeidet med familiemesse.

## **Ei vandring frå dåp til nattverd**

Når me er på familiemesse vil me først oppleva ein inngangsprosesjon med born som saman med presten og krossbærar vandrar fram til døypefonten. Borna har med seg dåpskanna og heller vatnet i døypefonten og dåpslyset vert tend. Presten ber ei bøn og eit barn auser tre gonger frå fonten. Me høyrer lyden av rennande vatn. Det er *dåpspåminninga* me er vitne til.

Denne dåpspåminningsdelen er eit liturgisk uttrykk for dåpen sin plass hjå den truande, barn eller voksen. No er ikkje ein slik dåpspåminningsliturgi heilt framand hjå oss. Me har møtt den når ungdomane våre blir konfirmert, ved dei årvisse påskennattmessene i Hamrekyrkja og den er med i ulike vigselsordningar. I påskennattmessa er Israelsfolket si ferd gjennom rauudehavet nyttat som motiv. I Familiemesse er det regnbogemotivet frå Noa-pakta (1 Mos 9, 12-13) som er tatt fram. Motivet møter me når kyrkjelyden blir leia i vekksong eller veksellesing frå døypefonten.

*"Som regnbogen lyser dine lovnader, Gud,  
-et teikn på di pakt med kvar levande skapning."*

Om det skal vera dåp, skjer den etter dåpspåminninga.

Så rører prosesjonen seg igjen, vandrar vidare til neste stasjon, no til lesepulten. Presten ber ei særskilt bøn for dagen i kyrjeåret og eit barn les den aktuelle teksten. Etter dette kjem preika, også frå lesepulten, og kyrkjelyden samlar seg etterpå i truedkjenninga. Frå lesepulten følgjer så forbønsdelen

og borna har gjerne vore med å utforma bønene.

Siste stasjon er altaret og nattverden. Førebuinga til nattverden er samla i det som her er kalla offertoriet. Borna er med og samlar inn pengegåver frå kyrkjelyden og ber dei fram til altaret. I det same ber nokre andre born fram nattverdelementa, godt synlege så små og store kan sjå, presten tek imot og ber bøna som høyrer med:

*"Gode Gud, du har skapt jorda.  
Du gjev liv til alt som lever.  
Vi ber deg: La regnet falla og sola skina,  
så korn og druer kan veksa og ved arbeidet med hendene våre verta til brød og vin."*

Handlinga er med på å synleggjera nattverdelementa som gaver me tek med oss og som Gud velsignar.

No følgjer nattverden. I innleiinga høyrer *fredshelsinga* med der presten ber kyrkjelyden gje kvarandre hendene som teikn på Guds fred.

Så er altså altarbordet dekka for store og små. Utgangspunktet for deltaking er den levande trusfellesekken, normalt familien. Foreldra si rolle kan likevel overlatast til "faddere eller andre som har ansvar for barnets kristelige oppdragelse", i enkelte tilfelle til leiarar i det kristne barnearbeidet, feks dåpsskulen, når dette er i "forståelse med foreldrene". Det er ikkje tanken at borna skal motta nattverden utan å ha noko som helst forståing for kva som skjer, men kyrkjemøtet nyttar likevel berre formuleringa "har fått veiledning om nattverden".

*"Bornen høyrer med!"*, skreiv soknepresten vår ein gong i dette bladet.

*"Å skjøna kva nattverden er og gjev, er vanskeleg nok for oss vaksne. Dei døypete borna høyrer med i kyrkjelyden. Nattverden er difor ei*

# Soknepresten har ordet

## Statskyrje framleis ?

Endå ein gong skal kyrkjeordninga diskuterast. I vinter la det såkalla "Gjønnes - utvalet" fram si innstilling. Det var eit statleg oppnemnt utval som brukte fleire år på drøftingane. Som førearbide var det eit kyrkjeleg utval, "Bakkevig - utvalet" som hadde kome med si innstilling. No skal alle sokneråd, fellesrådog kommunar seia si mening.

## Kva skal vera ordninga for Den norske kyrkja i framtida ?

Skal me framleis ha ei statskyrje ? Det er stort sett berre her i Norden me framleis har statskyrkjer. I Sverige vart banda mellom stat og kyrkje løyste, og kyrkja vart ei fri folkekirkje frå år 2000. Skal det same skje i vårt land ? Det er mange vanskelege spørsmål som må avklarast når kyrkjeordninga er til debatt. Då sokneråda drøfte den kyrkjelege komiteen si innstilling, var det fleirtal for å halda på statskyrja framleis.

gåve til borna òg.'

### Salmane

Familiemessa har ferre salmar enn høgmessa og salmane er i større grad knytt til handlingar som prosesjon, offertoriet, nattverdmåltidet.

### Familiemesse eller

Eg meiner at det er uråd å halda på statskyrkja i vår tid. Ordninga er "gått ut på dato". For meg er det ei fri folkekirkje som er den beste ordninga. Men det er vanskeleg å ha svar på alle spørsmål som reiser seg når det er snakk om nyordning av kyrkja.

## Korleis skal økonomien ordnast ?

Kven skal stella med kyrkjegardane/gravplassane ?


Kven skal ha ansvar for vedlikehald av kyrkjene ?

Kven skal eiga kyrkjene?

Her har statsråd Trond Giske kome med framlegg om at staten skal eiga kyrkjene. Det vil i så fall vera noko heilt nytt. Soknet har eigt kyrkjene. Då kyrkjene vart kjøpte attende frå privat eige for ca. 150 år sidan, var det kyrkjelyden som kjøpte dei. Og sidan kyrkjelyden ikkje kunne eiga noko på den tid, vart det kommunen som, som soknekommune, som sto som eigar. Og slik må det vera framleis. Det må berre ordnast med økonomi til

### familiegudsteneste?

Eit særpreg ved familiemessa er den aktive medverkinga av born og unge som *medhjelparar*, eller *ministrantar* som det også er kalla. Denne måten å involvera borna krev betydeleg innsats av vaksne leiarar i kyrkjelyden og den er svært verdifull. Likevel er det ikkje utan vidare meint at familiemessa skal



vedlikehald. Her kan det berre nemnast at Osterøy kyrkjelege fellesråd fekk ta opp eit lån i si tid for å måla kyrkjene. Renter og avdrag på dette lånet må Fellesrådet betala, og det har gjort økonomien ekstra vanskeleg i alle år.

Mitt motto er: Lat kyrkja vera kyrkje ! Ordninga er ikkje det avgjerande, men at kyrkja er kyrkje der evangeliet vert forkynt.


J.M.

bli einerådande som familiegudsteneste. Soknerådet tek avgjerd her. Og borna høyrer uansett også heime i høgmessa!

Neste familiemessa er i Haus kyrkje den 19. november.

Kåre Rivenes

# Et bønnebarn



Denne historien handler lite om sjømannskirken direkte, og enda mindre om meg, i allefall direkte. Forhistorien begynte allerede noen år tidligere enn historien det skal berettes om. Jeg må få føye til at det er en historie det er tungt for meg å fortelle om. Det er kanskje årsaken til at jeg ikke har fortalt den tidligere. I 1967 mønstret jeg på t/s "Bauta" av Oslo og ble faktisk værende om bord der i 5 år. "Bauta" hadde to identiske søsterskip, "Baune" og "Baumare". Alle tre gikk i fast rute mellom Jamaica og Mississippi-deltaet med bauxitt. En av de første tingene jeg gjorde da jeg kom om bord, var å starte idrettslag om bord. Dette var så veldig godt at rederiet la merke til det og ba meg starte opp på de to søsterskipene også, hvilket jeg gjorde. Vi konkurrerte i fotball, friidrett og svømming, og alle tre båtene hevdet seg meget godt på premielistene, uten at noen av oss nådde helt til topps.

I 1972 ble jeg spurt av Statens velferdskontor for handelsflåten om jeg kunne tenke meg et års engasjement som velferdssekretær i New Orleans som ferieavløser. Dette var en fantastisk utfordring, og ikke minst et smigrende tilbud. Så vidt jeg vet, var jeg den første sjømannen som fikk et slikt tilbud, så jeg trengte ikke lang betenkningstid.

Det er nå den egentlige historien begynner. En stor del av både arbeidstiden og fritiden ble tilbragt på sjømannskirken, og der var det uungåelig å ikke komme i kontakt med andre sjøfolk. En av de jeg ofte ble sittende i timevis å prate med var kaptein Skogstad, skipperen på "Baune". Han lurtet på hva jeg skulle ta meg til når engasjementet og eventuell ferie i Norge var over. Jeg regnet med at da var det vel å vende tilbake til jobben som telegrafist på "Bauta". Han ville svært gjerne ha meg som telegrafist på "Baune", for han mente at med mine resurser samt de resursene som var om bord der ville vi nå helt til topps i idretten. Jeg syntes tilbuddet var fristende og sa ja. Jeg lovet å underrette ham når jeg var klar.

Etter fullført engasjement bar det hjem til gamlelandet og en etter lengst ferie. Men nå skjedde det

noe merkelig. Dess nærmere feriesluttet det kom, dess større angst fikk jeg. En stemme inne i meg sa hele tiden: "Ikke reis, ikke reis". Reisen ble utsatt og utsatt, og til slutt var pengepungen bunnskrap, og jeg ble nødt til å finne meg en jobb på landjorden.

Der var mange vittige røster som sa at du, Johnny med dine talegaver og din frekkhet burde vært selger, så hvorfor ikke? Jeg fikk meg jobb som handelsreisende i gardiner for et grossistfirma i Bergen, og hadde hele Midt-Norge som distrikt. Etter hvert som jeg ble varm i trøya og så at jeg behersket kunsten å selge, trivdes jeg bedre og bedre, selv om lengselen til havet lå i bakhodet nesten hele tiden. Nok om det. Ut på høsten 1973, tror jeg det var, ankom jeg Måløy på ettermiddagen. Jeg skulle ha utpakking der neste dag og tok inn på Hagens hotell. Det var en varm og lummer etter middag, så det var deilig å kunne hive av seg dress, slips og kvitskjorte å ta på seg noe lett og luftig. På kaien i Måløy lå Havnekafeen. Den ble drevet av en dansk, tidligere skipskokk som laget skikkelig, real sjømannskost. Han var en god venn av meg, så i stedet for hotellmat dro jeg ned til ham og bestilte en tallerken med kjøttkaker og ertestuing. Dette var den tiden da NRK hadde bare en kanal, både på TV og i radioen. Radioen sto på, og akkurat da jeg skulle ta til å spise begynte halvfem-nyhetene: Plutselig spisser jeg ørene: "Turbinskipet "Baune" av Oslo kolliderte i dag med et amerikansk tankskip i innseilingen til Mississippi-elven, og det oppsto brann om bord i "Baune". Hvor mange som er omkommet eller savnet, vites på det nåværende tidspunkt ikke." Maten satte seg bom fast i halsen min, og om jeg i det hele tatt fikk i meg noe vet jeg ikke, for jeg var i sjokk. Jeg tenkte på kameratene og vennene som hadde det vondt, og etter 150 turer opp Mississippi-elva, kunne jeg se hele scenariet foran meg i mitt indre. Senere viste det seg at 16 mennesker omkom, og en av dem kunne ha vært meg. Ukene og månedene etter ulykken ble en forferdelig påkjennung for de ansatte på sjømannskirken. Alt som fantes av resurser. Både

menneskelige og andre ble tøyd til det ytterste og vel så det. Det var sjelesorg, hjelp til innkjøp av personlige eiendeler. De overlevende mistet nemlig alt de eide, så da tingene gled tilbake til det "normale". Måtte de ta til å lege sine egne sår. Det kan nevnes at flere av de overlevende fikk langvarige opphold på psykiatriske sykehus, og ingen av dem ble friske igjen, slik at de kunne gå ut i arbeidslivet.

Med meg skjedde det noe merkelig. Jeg hadde jo tenkt at hvis jeg hadde tatt jobben, så hadde jeg kanskje ikke sittet her og skrevet denne historien. Jeg ble plutselig helt rolig, og stemmen sa at nå kan du reise ut igjen, hvis du vil, noe jeg selvfølgelig ville og gjorde.

Det er nå den vanskelige biten av historien skal berettes. Folk jeg har fortalt historien til sier at alt er tilfeldigheter. Når jeg sier at Gud hadde styring med det, ler de bare håndig.

Bønnebarnet, nevnt i overskriften er nemlig meg selv. Fra jeg var liten gutt var jeg med i bønnene til min mor. Jeg var og med i bønnene til min gamle mormor. De er begge to døde. Mor døde allerede i 1953 og mormor i 1971. Imidlertid er jeg fortsatt med i bønnene til min gamle tante Kaia. Hun lever ennå og har rukket å bli 85 år. Og fortsatt ber hun for meg hver dag. Det gir meg en utrolig trygghet å vite at jeg er omsluttet av andre menneskers bønner. Jeg har lurt på mange ganger. Hvorfor hører Jesus på noen bønner, og ikke på andre? Jeg vet at stemmen jeg hørte, hørte jeg virkelig! Hvorfor snakket Jesus akkurat til meg? Kan svaret være så enkelt at han ville at jeg skulle fortelle denne "lille" historien som et vitnesbyrd om hans makt? Nå er i allefall historien fortalt, og så får tvilerne trekke på sitt skjeve smil, mens de som tror tar det til sitt hjerte. Hos meg finnes det ikke snev av tvil!

**Johnny Selvik**

# Nytt frå indremisjonen!

Denne hausten går Valestrand, Gjerstad og Hauge indremisjon saman om å ha møter annakvar onsdag i Hauge bedehus. Første møte går av staben 31. aug.

Me gler oss til å bli ei større forsamling og trur at dette vil vera både til glede og styrkja banda mellom oss. Me ønskjer alle velkomne til felles oppbygging i trua på Jesus og fellesskap med kvarandre.

Alle møta tek til kl. 19.30

## Møteplan for hausten:

Dato:	Talar
Onsdag 31. august:	Audun Hjellvik
Onsdag 14. september:	Idar Simonsen

Onsdag 28. september: Arild Hetlebakke  
Onsdag 12. oktober: Johannes Melve  
Onsdag 26. oktober: Glenn Nor-Varhaug  
Onsdag 9. november: Helge Keilegavlen  
Onsdag 23. november: Paul Odland  
(kåseri om songforfattaren Fanny Crosby)  
Onsdag 7. des. Bjarne Skjold

### *For styra:*

*Aksel Solberg og Madli Hannisdal*

# Songkveld i Gjerstad kyrkje

*Dei siste åra har det vorte skipa til nokre song- og salmekveldar i Gjerstad kyrkje.  
Dei har samla bra med folk, og me har opplevt dei som gode samlingar til inspirasjon og glede.*

Sundag den 15. oktober vert det ein ny songkveld i kyrkja med indremisjons- laga som tilskipar. Då er det radioevangelist John Hardang som talar og syng – åleine og saman med Marit Hauge frå Hauge på Langedalen. Ho har aner frå Osterøy, nemleg Lon-neset.

Temaet er ”Songar me aldri gløymer.” Me vil få høyra om Trygve Bjerkheim, Lydia Lithell, og Joseph Scriven m fl. Og så vert det sjølvsagt fellessong.

Me trur at det er mange som vil finna vegen til Gjerstad kyrkje til ei fin songoppleveling denne sundagskvelden og. Programmet tek til klokka 19.00 og alle er velkomne !

Ø.V

## Det skjer i Haus:

Søndag 22. oktober  
60+ samling ...  
Alle over 60 er spesielt velkomne til:

Gudsteneste kl. 11.00 i Haus kyrkje  
v. Sokneprest Johannes Melve.

*Offer til NLA*

Etterpå blir det

Kyrkjemiddag m. kaffi i

Kyrkjelydshuset:

Kulturinnslag:

Møte med Terje Viken i dikt og kåseri v. Harriet Garlid (NLA)

Musikkinnslag v. Osterøy munnspelorkester

Song av to unge songfuglar.

Pris: Friviljug gåve.

*Arr. Haus sokneråd*

# *Vi er trygge*

Av Haldis Reigstad.

Vi er trygge i den handa  
som kan venda sorg til glede.  
Dag for dag og steg for steg  
vil ho bera deg og meg.

Vi er trygge i den handa  
som vart nagla fast til krossen.  
Han som tok vår skuld på seg,  
gav sitt liv for deg og meg.

Vi er trygge i den handa  
som er utrett frå det høge.  
Han som fram med siger dreg,  
vaker over deg og meg.

Vi er trygge i den handa  
som har opna himmeldøra.  
Heim til far ho viser veg,  
vi er trygge du og eg.